



**Notat**

Dato: 26.09.2018  
Arkivsak: 2018/13695-2  
Saksbehandlar: [Nilvetl]

---

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmann

---

### **Tillegg til sak - Tertiarrapport pr august 2018 - rekneskapsprognose**

I budsjettet for 2018 vedtok fylkesutvalet å sette av 10 mill. kr til auka ruteproduksjon, fordelt på områda Hardanger/Voss og Sunnhordland (2 mill. kr), Nordhordland (1,5 mill. kr), Vest (1,5 mill. kr) og Bergen (5 mill. kr). I det same vedtaket vart det budsjettert med auka inntekt frå belønningsmidlar med 10 mill. kr. Belønningsmidlane er knytt til ekstramidlar som ligg i statsbudsjettet for 2018, totalt 100 mill. kr. Staten har lagt opp til at midlane skal forhandlast om i samband med nye byvekstavtalar og reforhandlingar av byvekstavtalar. For Hordaland er dette såleis ei sak som skal inngå i dei pågåande reforhandlingane av byvekstavtalen for Bergen. Tidspunkt for sluttføringa av forhandlingane er ikkje endeleg sett.

Som fylkesrådmannen orienterte om i fylkesutvalet 21. september i år, hadde administrasjonen ut frå dette ikkje sett i verk auke i ruteproduksjonen ut frå ei forståing av at den auka ruteproduksjonen skulle finansierast med dei auka belønningsmidlane. Då det viste seg at auke i belønningsmidlar ikkje var avklara, burde fylkesrådmannen ha kome attende med spørsmål om auken i ruteproduksjon. Fylkesrådmannen beklagar at dette ikkje vart gjort på eit tidleg nok tidspunkt.

Av auken på 10 mill. kr er følgjande ruteproduksjon så langt sett i verk eller sett i arbeid:

- Vest: Det er sett inn ein ekspressbussavgang mellom Straume og Sandsl (jamfør FUV sak RS-59/2018). Tiltaket har ein heilårskostnad på om lag 1,5 mill. kr, i samsvar med fylkestinget sitt vedtak.
- Nordhordland: I samsvar med vedtak i fylkesutvalet (FUV-sak PS 192/2018) er midlane til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland prioritert til tiltak i samband med oppstart av nytt bussanbod Nordhordland og styrking av busstilbodet mellom Nordhordland og Bergen. Det er sett av 1,5 mill. kr til føremålet, og evaluering av omlegginga av busstilbodet er under arbeid.
- Hardanger/Voss/Sunnhordland: Styrking av rutetilbodet, i samsvar med fylkestinget sitt vedtak, er sett i arbeid. Trafikkplan for Sunnhordland vil vere eit viktig grunnlag, i tillegg til anna faktagrunnlag ein har knytt til reisebehov og transportgrunnlag i områda.
- Bergen: Prioritering av tiltak er sett i arbeid. Utgangspunkt for styrkinga er føringar gitt i Trafikkplan for Bergen.

Når det gjeld tiltaka som er under planlegging, vil det gå noko tid før verksetjing er mogleg. Dette skuldast behovet for naudsynt tid til planlegging og førebuing, mellom anna bestilling av ekstra materiell.

Fylkesrådmannen vil kome attende til finansieringa av den auka ruteproduksjonen i budsjettet for 2019.